

INVITASJON TIL REGIONAL PLANKONFERANSE 2016

Vi har gleda av å invitere til regional plankonferanse 17. – 18. oktober på Quality hotel Alexandra i Molde. Arrangementet er eit samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Sentrale tema for årets konferanse:

- naturmangfald
- samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- universell utforming
- gode medverknadsprosessar i planlegginga

Målgruppa for konferansen er kommunale og private planleggjarar, politikarar, konsulentar og andre som har interesse av kommunal planlegging.

Omvising og minikonsert

Etter programslutt måndag 17. oktober er det lagt opp til omvising og minikonsert med tittelen «With love from Paris» med Beate Mordal og Nicolás Royez på Krona på Romsdalsmuseet. Krona er Romsdalsmuseet sitt nye museumsbygg med særprega trearkitektur og eit spennande innhald. Prinsippa for universell utforming har vore særleg sentrale i utforminga.

With love from Paris



Paris. Kjærleikens by. Beate og Nicolás guidar deg musikalsk gjennom denne fantastiske byen, både med ariar og songar. Beate Mordal er sopran, og er tilsett som Møremusikar i Møre og Romsdal fylkeskommune. I oktober vil Beate reise på turné saman med franskmannen Nicolás Royez, som er klassisk utdanna pianist. Heime i Paris jobbar Nicolás på Conservatoire de Gennevilliers, han er leiar for kammermusikkfestivalen Musique au bois, og akkompagnerer mange operasongarar.

Påmelding

Det er elektronisk bindande påmelding med påmeldingsfrist 23. september 2016. Link til program og påmelding: <https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Plankonferanse-17-18-oktober-2016/>

Spørsmål om påmeldinga kan rettast til epost: fmmrkurs@fylkesmannen.no eller telefon 71 25 80 67.

Vi håper at programmet kan nå ein brei målgruppe ute i kommunane og ynskjer hjarteleg velkomen!